

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 255, FA - U03	14/487

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016

### Masfjordbygg - status eigarforhold og vegen vidare

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune overfører kr. 50.000 for aksjane i AS Masfjordbygg til hhv. Sparebanken vest og Gjensidige, og avtalane gjengitt i saka vert signert og transaksjonane vert utført i løpet av juni 2016.

Det må veljast eit nytt styre for AS Masfjordbygg innan utgangen av juni 2016 i samband med generalforsamlinga for 2016.

Utvikling og føremålet med selskapet vert jobba med utover 2.halvår 2016.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Masfjorden kommune har lagt inn eit tilbod på å overta aksjane til hhv. Gjensidige og Sparebanken vest med kr. 50.000 overfor kvar av partane, etter at første tilbod vart avvist. Ein har omsider komme til semje med begge partane, og formell overtaking kan gjennomførast.

##### Utkast kjøpskontrakt

## Kjøpekontrakt.

Mellom : Sparebanken Vest (Selger)

og : Masfjorden Kommune, (Kjøper)

er det inngått slik kjøpekontrakt:

1. Selger overdrar til Kjøper sine 90 aksjer i Masfjordbygg AS.
2. Kjøpesummen er avtalt til kr.555,56 ,- pr. aksje, totalt kr. 50.000,-.
3. Kjøpesummen betales innen 10 dager etter denne kontrakts undertegning. Kjøpesummen betales til konto nr. 3625.97.47508
4. Selger garanterer at aksjene overdras fri for heftelser.
5. Styret i Masfjordbygg AS gis herved fullmakt til å registrere Kjøper som eier av de kjøpte aksjer i aksjeeierboken i Masfjordbygg AS når kjøpesummen for aksjene er betalt til Selger.
6. Kjøper kan ikke gjøre noe krav gjeldende mot Selger for så vidt gjelder den økonomiske situasjonen i Masfjordbygg AS og Kjøper er godt kjent med den økonomiske situasjonen og bærer all risiko for denne.

Bergen den

Masfjordbygg den

For Selger:

For Kjøper:

Sparebanken Vest

Masfjorden Kommune

---

---

## Aksjekjøpsavtale

Denne avtalen ("Avtalen") er i dag inngått mellom:

Gjensidige Forsikring ASA, org.nr 995 568 217, Schweigaards gate 21, 0191 Oslo («**Selger**») og Masfjord kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjorden («**Kjøper**»).

### 1. Kjøp av aksjer

Selger forplikter seg til å selge og kjøper forplikter seg til å kjøpe 90 aksjer («**Aksjene**») i selskapet Masfjordbygg AS, org. nr. 932 060 132 («**Selskapet**»)

### 2. Kjøpesum

Kjøpesummen for Aksjene er avtalt til NOK 555,56,- pr. aksje, totalt NOK 50 000,-.

### 3. Oppgjør og gjennomføring

Senest 10 (ti) dager etter at denne avtale er undertegnet skal eiendomsretten til aksjene overføres fra selger til kjøper («**Overdragelsestidspunktet**»), mot betaling av kjøpesummen.

Gjensidige Forsikring ASA skal på Overdragelsestidspunktet:

1. overføre Aksjene til Masfjord Kommune fri for enhver heftelse.
2. sørge for at Masfjord Kommune innføres i Masfjordbygg ASs aksjeeierbok som eier av aksjene samt at det fra Masfjordbygg AS utstedes aksjebevis i samsvar med aksjeloven § 4-10.

Masfjord Kommune skal på Overdragelsestidspunktet:

1. betale Kjøpesummen til Gjensidige Forsikring ASAs bankkonto 6005.06.08282 i Nordea Bank Norge ASA. Overføringen skal merkes med kjøpers navn og "Aksjekjøp - Masfjordbygg AS

### 4. Garantier

Selger er den reelle eier av Aksjene, og har tilstrekkelig fullmakt til å selge Aksjene. Selger overdrar Aksjene til Kjøper fri for krav, begrensninger og heftelser av enhver art.

Kjøper har tilstrekkelig fullmakt til å erverve Aksjene.

### 5. Lovvalg og tvisteløsning

Partenes rettigheter og plikter etter denne avtalen bestemmes i sin helhet av norsk rett. Dersom det oppstår tvist mellom partene skal tvisten først søkes løst ved forhandlinger. Fører forhandlingene ikke frem, kan hver av partene bringe saken inn for de ordinære domstoler, med Oslo tingrett som verneting.

Masfjorden, [dato]

Oslo, [dato]

Den 8.august 1977 vart selskapet AS Masfjordbygg skipa.

Som skiparar stilte;

Masfjorden kommune

Masfjorden kraftfond

Masfjordnes sparebank

Lindås-Masfjord gjensidige branntrygdslag

Føremålet med selskapet er å byggja og drive kontorbygg i Masfjorden.

Selskapet skal ha 5 styremedlemer – Masfjorden kommune 2, næringsfondet 1, sparebanken 1 og forsikringselskapet 1 styrerepresentant.

Aksjekapitalen i AS Masfjordbygg vart sett til kr 50 000,-. Kvar av aksjane er på kr 250,-.

#### **Aksjekapitalen er delt slik:**

* Masfjorden kommune	80 aksjar = kr 20 000,-
* Masfjorden kraftfond	30 aksjar = kr 7.500,-
* Masfjordnes sparebank	45 aksjar = kr 11.250,-
* Lindås-Masfjord gjensidige branntrygdslag,	45 aksjar = kr 11.250,-

Etter ekstraordinær generalforsamling 16.12.2003 vart det gjort endringar i skipingsavtalen pkt. 2,3 og 9 og pkt. 2 og 4 vedtektene for selskapet. Aksjekapitalen i AS Masfjordbygg vart utvida i 2003 ved fondsemisjon, godkjent av Brønnøysundregistra januar 2004 og auka opp till 100 000,-. Verdien av aksjane er framleis på kr 250,-.

### **Formannskapet - 028/14**

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune tilbyr kr. 50.000 for dei 90 aksjane som Sparebanken Vest har i AS Masfjordbygg.

Masfjorden kommune tilbyr kr. 50.000 for dei 90 aksjane som Gjensidige har i AS Masfjordbygg.

Finansiert med bruk av kraftfondet.

## Resultatrekneskap

	Note	2015	2014
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekt		600 000	600 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	21 014	21 014
Avskrivning på varige driftsmiddel	3	81 673	81 672
Annan driftskostnad	2	339 163	231 223
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>441 849</b>	<b>333 910</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>158 151</b>	<b>266 090</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Anna renteinntekt		0	69
Anna finansinntekt		8 487	10 083
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>8 487</b>	<b>10 152</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annan rentekostnad		24 636	28 248
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>24 636</b>	<b>28 248</b>
<b>NETTO FINANSPOSTAR</b>		<b>(16 149)</b>	<b>(18 096)</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>142 001</b>	<b>247 994</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	4	39 556	67 627
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>102 445</b>	<b>180 367</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>102 445</b>	<b>180 367</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGAR</b>			
Overføringar annan eigenkapital		102 445	180 367
<b>SUM OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR</b>		<b>102 445</b>	<b>180 367</b>

**Balanse pr. 31.12.2015**

	Note	31.12.2015	31.12.2014
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	3	3 018 561	3 100 233
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>3 018 561</b>	<b>3 100 233</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDDEL</b>		<b>3 018 561</b>	<b>3 100 233</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	5	62 500	62 500
Andre fordringar		19 590	18 280
<b>Sum fordringar</b>		<b>82 090</b>	<b>80 780</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.		826 814	704 340
<b>SUM OMLØPSMIDDEL</b>		<b>908 904</b>	<b>785 120</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>3 927 465</b>	<b>3 885 353</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	6	100 000	100 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		1 633 085	1 530 639
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>1 633 085</b>	<b>1 530 639</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>1 733 085</b>	<b>1 630 639</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	135 000	180 000
Anna langsiktig gjeld	7	761 295	811 295
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>896 295</b>	<b>991 295</b>
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>896 295</b>	<b>991 295</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		836 840	770 206
Betalbar skatt	4	39 556	67 627
Skuldig offentlege avgifter		135 634	138 474
Anna kortsiktig gjeld		286 055	287 111
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>1 298 085</b>	<b>1 263 418</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>2 194 380</b>	<b>2 254 714</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>3 927 465</b>	<b>3 885 353</b>

Vurdering

AS Masfjordbygg er eit aksjeselskap, men intensjonen med selskapet er å drive selskapet som eit tilnærma non-profit selskap, m.a. ved at det aldri er blitt teke ut utbytte frå selskapet. Eigarane har praktisert det slik, at dersom selskapet går med overskot, justerer ein husleige ned slik at drifta over tid går ut i 0. Dette er i tråd med intensjonen for selskapet – og blitt praktisert. Det er vanskeleg å seie noko om verdien av dei aksjane som Gjensidige og Sparebanken vest har i selskapet. Ein reknar ikkje med at det er noko marknad for omsetjing av aksjane i det frie marknaden. Verdisetjing av selskapet vert ofte gjort i forhold til framtidig inntening eller i forhold til den bygningsmessige verdien. Så lenge selskapet nærast vert drive etter non-profit prinsippet, vert ikkje verdien sett i høve til framtidige inntekter tilnærma 0. Selskapet har halde seg til sparebanken som banksamband og har lån i banken, med vilkår som tilseier at banken har henta ut ekstra gevinst/"utbytte" ved renter som ligg litt høgt i forhold til vilkår som kommunen elles har på sine innlån.

Avtalar om kjøp av aksjar er no på plass, vert signert og transaksjon utført så snart formannskapet har handsama denne saka 14. juni 2016.

Det må veljast eit nytt styre for AS Masfjordbygg innan utgangen av juni 2016 i samband med generalforsamlinga for 2016.

Utvikling og føremålet med selskapet vert jobba med utover 2.halvår 2016. Ein legg opp til ei drøfting i formannskapsmøte 14.juni som grunnlag for dette arbeidet.

#### **Konklusjon**

Masfjorden kommune overfører 50.000 for aksjane i AS Masfjordbygg til hhv. Sparebanken vest og Gjensidige, og avtalane gjengitt i saka vert signert og transaksjonane vert utført i løpet av juni 2016.

Det må veljast eit nytt styre for AS Masfjordbygg innan utgangen av juni 2016 i samband med generalforsamlinga for 2016.

Utvikling og føremålet med selskapet vert jobba med utover 2.halvår 2016. Ein legg opp til ei drøfting i formannskapsmøte 14.juni som grunnlag for dette arbeidet.

### **Formannskapet - 064/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune overfører kr. 50.000 for aksjane i AS Masfjordbygg til hhv. Sparebanken vest og Gjensidige, og avtalane gjengitt i saka vert signert og transaksjonane vert utført i løpet av juni 2016.

Det må veljast eit nytt styre for AS Masfjordbygg innan utgangen av juni 2016 i samband med generalforsamlinga for 2016.

Utvikling og føremålet med selskapet vert jobba med utover 2.halvår 2016.